

**Administrativt samhandlingsutval  
Sunnmøre**

**Protokoll 3/2013**

**Møtedato: onsdag 04.09.13., kl. 10.00-14.00**

Til stades:

	<b>Representantar Helseforetaket</b>		<b>Vara</b>
	Torstein Hole	X	Mona Ryste
X	Anniken Standal Remseth		Toril Heltne
	Knut Nautvik		Bjørn Magne Jåtun
X	Janita Skogeng, Leiar av utvalet		Kari Standal
X	Manuela Strauss		
X	Robert Giske		

		<b>Representantar kommunane</b>		<b>Vara</b>
	SRR	Ottar Grimstad, Hareid, forlot møte kl.13:30	X	Karsten Vingen, vara
X	SRR	Solveig Årø, Haram		Kjartan Lied, Stranda
	SRR	Kjetil Fylling, kommunalsjef, Sula	X	Anna Lisa Drabløs, Sykkylven
X	SRR	Ragnhild Velsvik Berge, Herøy		Marit Botnen

		<b>Representantar vertskommunane</b>		<b>Vara</b>
X	Ålesund	Håvard Overå		Birte Vegsund, Ålesund
	Volda	Arne Gotteberg, Sunnmøre, Regionråd	X	Jorunn Anne R. Tomasdard, Volda

	<b>Representant fastlegane:</b>		<b>Vara</b>
X	Stian Endresen, Ulstein legekontor		Arne Morterud, Giske legekontor

		<b>Representantar Fagforeiningane:</b>		<b>Vara</b>
X	Fagforbundet	Torunn Hoel		Ivar Østrem
X	Fagforbundet	Inger Lise Andreassen, Ålesund kommune		Hans Jakob Overå, Sykkylven kom.
X	UNIO/NSF	Ståle Ræstad, Ålesund kommune		Åse Vegsund, Sula Kommune
	UNIO/NSF	Charles Austnes, Ålesund sjukehus	X	Kaspara Nesset Tørlen, Ålesund, sjukehus, vara

	<b>Brukarrepresentant:</b>		<b>Vara</b>
X	Ingrid Løset, Sunnmøre		Jakob Strand, Sunnmøre til 12:15

X	Helse Møre og Romsdal HF	Randi S Ramnefjell		Sekretær
---	--------------------------	--------------------	--	----------

**Sakliste:**

- Sak 2013/12 Godkjenning av innkalling og saksliste.
- Sak 2013/13 Status samhandling – orientering frå Samhandlingssjef og Praksiskonsulent Stian Endresen
- Sak 2013/03 Samhandlingsstruktur
- Sak 2013/10 Hospiteringsprosedyre, sjå vedlegg
- Sak 2012/18 Felles kompetanse- og rekrutteringsplan – saksframlegg ettersendas
- Sak 2013/14 Orienteringssak – referat frå oppstart klinisk samhandlingsutval for svangerskap, fødsel og barsel
- Sak 2013/15 Eventuelt.

**Fråvær: Bjørn Tore Jåtun**

- Sak 2013/12 Godkjenning av innkalling og saksliste.**  
Godkjent

**Sak 2013/13 Status samhandling – orientering frå samhandlingssjef**

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm orienterte om det føreståande arbeidet med reforhandling/evaluering av samarbeidsavtale mellom kommunane og Helseforetaket i Møre og Romsdal.

Ho gjekk igjennom ein presentasjon på området rundt status samhandling. Det vart informert om omfanget og utfordringane det er i dette området. Ho informerte om samhandlingsreforma intensjonar er at fleire skal behandles heime eller i nærheita av heimen sin.

Samhandlingssjefen ga uttrykk for at samhandlingsstrukturen bør forenklast, slik at eit felles samhandlingsutval er for heile fylket og erstattar både dei administrative utvala og det overordna. Vidare at det heller bør leggas ressursar i kliniske samhandlingsutval som skal arbeide med pasientforlaup.

Ho avslutta presentasjonen med å la spørsmålet om å forenkle samhandlingsstrukturen til kun eit felles samhandlingsutval stå opent. Frist for innspill til endringar av samarbeidsavtala er satt til 1. oktober.

## **Sak 2013/03      Samhandlingsstruktur**

### **Saksutgreiing:**

Administrativt samhandlingsutval for Sunnmøre drøfta i møte 22.05.2013 sak 2012/03 om framtidig samhandlingsstruktur. Bakgrunn for drøftinga var bestilling frå Overordna samhandlingsutval i forkant av avtalerevisjonen som skal gjennomføras hausten 2013.

Utvalet peikte på fem hovudtrekk hjå samhandlingsstrukturen som bør vektleggast ved vidare avtalerevisjon.

#### **1. Samhandlingskonferanse**

Her bør det vurderast form og førekomst slik at konferansen gir god deltaking frå både kommunar og helseforetak. I 2013 vart det arrangert ein dagskonferanse med variert program, denne trakk godt med deltakarar og bør vere ein modell som kan utviklast vidare. Det er ønskelig med eit lokalt og nasjonalt preg på denne konferansen.

#### **2. Vidareføring av noverande struktur**

Utvalet opplever at noverande struktur med to administrative samhandlingsutval gir ei brei kontaktflate for aktørar frå både kommunane og helseforetaket. Strukturen har vært prøvd i for kort tid til at endelig rolle og funksjon har fått satt seg.

#### **3. Klinisk kontaktflate**

En vidare viktig oppgåve for utvalet vil vere å støtte opp om etablering av kliniske samhandlingsutval og koordinere betre oversikt over allereie eksisterande kontaktforum. Kunnskap om korleis samhandling utøvas (eller ikkje utøvas) aukar vår emne til å skape gode pasientforlaup og saumlause helsetenester.

#### **4. Representasjon**

Utvalet ser det som viktig at samhandlingsstrukturen ivaretok ein brei representasjon frå sektorane, brukarane og medarbeidaren.

#### **5. Sekretariatsfunksjon**

Utvalet ser behov for at det etablerast ein sekretariatsfunksjon på tvers av helseforetaket og kommunane. Det gjelder i forhold til saksoppfølging på alle utvalsnivå; overordna, administrativt og klinisk. Ein ser behov for at det må utarbeidast eigen finansieringsplan på dette området, og at det er behov for ei felles økonomisk fordelingsnøkkel.

## **Vedtak til protokoll:**

Administrativt samhandlingsutval vedtek punkta som er nemnt ovanfor, og ber overordna samhandlingsutval vektlegge desse ved vidare revisjon av avtalane som gjeld samhandlingsstruktur.

## **Sak 2013/10      Hospiteringsprosedyre.**

### **Saksutgreiing:**

Det vart på møtet i mai bestemt at det skulle nedsettes en arbeidsgruppe som skulle revidere hospiteringsprosedyra.

### **Gruppa har bestått av:**

Ståle Evald Ræstad, HTV Ålesund kommune

Gro Annette Frøystad Voldsund, fagutviklingsspl, Herøy kommune

Anniken Standal Remseth, rådgivar/driftskonsulent, Helse M &R

Utfordringa har bestått i å finne ei prosedyre som kan nyttast av alle kommunar på Sunnmøre, sjølv med store organisatoriske forskjellar. Resultatet fordrar ei lokal tilpassing i tråd med prosedyre.

Stian Endresen poengterte at legane bør vere inkludert i hospiteringsprosedyra slik at det bør førast inn der.

### **Det vart ein brei diskusjon vedrørande endringar opp i mot hospiteringsprosedyra og nokre av innlegga som vart nemnd var:**

- avklaring av begrepet koordinator/kontaktperson i kommunar og helseforetak  
Forslag til ny tittel er hospiteringskoordinator.
- omfang endrast til målgruppe og teksten endrast til helsepersonell med minimum 3-årig høgskule for å inkludere legegruppa

### **Vedtak til protokoll:**

Prosedyla vedtas med dei endringane som er påpeika. Arbeidsgruppa sender den korrigerte prosedyra til medlemmane og varamedlemmane i utvalet.

## **Sak 2012/18      Felles kompetanse og rekrutteringsplan**

### **Saksutgreiing:**

Med utgangspunkt i ei bestilling frå Sunnmøre Regionråd IKS og Helse Møre og Romsdal HF har PricewaterhouseCoopers (PWC) utarbeidd eit strategisk plandokument for kompetanseutvikling og rekruttering. Planen har tittelen "Felles kompetanse- og rekrutteringsplan mellom Helse Møre og Romsdal HF (i det vidare omtalt som HF) og Sunnmørskommunane", og er datert 1.mai

2012. Planen vert i det vidare omtalt som KR-planen.

PWC sine vurderingar og tilrådingar er bygd på faktainformasjon frå intervju og framlagd dokumentasjon. Administrativt samhandlingsutval (Sunnmøre/HF) var styringsgruppe for prosjektet. Arbeidet vert definert som nybrotsarbeid som er unikt i sitt slag ved at det fokuserer på felles kompetanse- og rekrutteringstiltak for 18 Sunnmørskommunar og Helse Møre og Romsdal HF representert ved Ålesund og Volda sjukehus.

Det vart ei utfordring at planarbeidet starta samstundes med innføringa av samhandlingsreforma, der mange praktiske forhold og ansvar var lite konkretisert og avklart. Vegen vert dermed til medan ein går.

## **FORANKRING**

Det ligg som ei tilråding at KR-planen si behandling og ajourhald vert tatt inn i dei formelle avtalene mellom HF og kommunane. Planen bør vedtakast både i HF sitt styre og dei respektive kommunestyra. Planen bør samordnast med partane sitt øvrige overordna strategiske planverk. Revidert plan bør vere konsentrert mot etablering av mål, tenester/oppgåver og organisasjonsmessige tiltak.

KR-planen legg til grunn at administrativt samhandlingsutval har eit koordinerings- og oppfølgingsansvar:

- Utarbeide ei felles prosedyre for oppfølging av planen
- Utvikle og konkretisere dei spesifikke opplæringstiltaka
- Ha ansvar for løypande ajourhald, felles drøftingsseminar
- Marknadsføring
- Tertiyalvis rapportering

## **AKTUELT**

I adm. utval sak 2012/18 “Oppfølging av Felles kompetanse- og rekrutteringsplan” vart overordna samhandlingsutval sitt vedtak av 5. september 2012 drøfta:

1. Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal anbefalar at Felles kompetanse- og rekrutteringsplan blir gjeldande for heile Møre og Romsdal.
2. Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal anbefalar at Helse Møre og Romsdal, KS saman med leiarane i Administrativt samhandlingsutval utarbeider eit mandat for bruk av planen.
3. Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal ber om at prosjektleiarane saman med forskningssjefen i Helse Møre og Romsdal ser på muligheita for forskningsmidlar.

Det har vore dialog mellom aktørane jfr pkt 2 i vedtaket, og der vart desse spørsmåla reist:

- Ut frå dei tiltaka som er foreslått i rapporten, kva for tiltak bør prioriterast og i kva slags rekkefølgje?
- Læring av kvarandre ut frå forslag til tiltak - er det nokon ansvarsområde som ein kan fordele, slik at nokon har ansvar for planlegging av nokre tiltak på vegne av alle? I tilfelle kva for tiltak er då aktuelle?
- På kva slags måte kan ein ivareta læring på tvers av dei ulike regionane og kommunegrupperingane?
- Andre viktige moment for å implementere planen?

Overordna samhandlingsutval ba om at dei Administrative samhandlingsutvala rapporterte tilbake innan 31. desember 2012.

Det vart i administrativt utval sak 2012/18 gjort eit slikt vedtak til protokollen: Utvalet treng ei tydelegare og spissare saksutgreiing for å behandle saka. Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre tar opp med samhandlingssjef korleis saka vert handtert vidare. Det har vore skifte av samhandlingssjef, og dette er medverkande til at det har trekt ut i tid.

Det var lagt store ressursar i utarbeiding av planen, og samla sett har denne saka ikkje hatt den ynskte prioritering og framdrift. Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre ynskjer no å få saka ut av dødvatnet, og få framdrift på vidare utvikling og iversetting av planen.

Til saka ligg vedlagt eit arbeidsnotat der ein tek utgangspunkt i PWC sine hovudkonklusjonar, tilrådingar og tiltak. Teksta er henta direkte frå KR-planen under overskrifta KR-planen si tilråding. Ein arbeidsmåte kan vere at ein arbeider vidare med å fylle inn kva som er status pr dato, og konkretiserar mål og tiltak.

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre må avklare om ein vil arbeide vidare med planen i tråd med dei tilrådingane som ligg føre i planen (sjå vedlagt arbeidsdokument). Det er viktig å sikre god implementering og sentrale interessentar bør identifiserast. Eit eksempel kan vere samhandlingsgruppa oppnemnt av Sunnmøre Regionråd for å koordinere utviklinga av samhandlingsreforma.

### **Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram for drøfting, utan framlegg til vedtak, men tilråding om å avklare

- administrativt samhandlingsutval sitt mandat
- samhandlingsaktørar/kontaktarenaer mot partane
- oppnemne ansvarlege for utarbeiding av utkast til prosedyre for oppfølging av planen
- mal for vidare oppfølging av planen
- utnemne arbeidsgruppe for vidare arbeid med plan for oppfølging av KR-planen

## **Vedtak til protokoll:**

Det oppnemnast ei arbeidsgruppe bestående av Ragnhild Velsvik Berge, Stian Endresen og Mona Ryste. Utvalet ynskjer at arbeidsgruppa skal til neste møte gje ei oppsummering med prioritering av de områda som det i dag er knytt utfordringar til innanfor kompetanse og rekruttering i eit samhandlingsperspektiv.

## **Sak 2013/14      Orienteringssak – referat frå oppstart klinisk samhandlingsutval for svangerskap, fødsel og barsel**

Første møte i klinisk samhandlingsutvalg for fagområdet gynekologi og fødselshjelp fant stad i Ålesund den 10.06.13.

Utvalet ba då om ei avklaring på om det skulle vere brukarmedverknad i klinisk samhandlingsutval eller om den representasjonen ville vere dekka med at dei deltok i det overordna samhandlingsutvalet.

Utvalet ba og om at Ror og Orkide oppnemnde kvar sin vararepresentant til klinisk samhandlingsutval. Det vart påmint om at det ikkje var oppnemnt representantar til utvalet frå Orkide.

Administrativt samhandlingsutval tek orienteringa til vitande.

## **Sak 2013/15      Eventuelt.**

- Avvikmeldingssystem**

Samhandlingssjefen informerte om at dette er godkjent i Overordna samhandlingsutval i mai og prosedyra er sendt ut til kommunane. Det har kome eit par klager der prosedyra er tatt i bruk.

- Rehabiliteringsprosjekt i Midt-Norge**

Dette er under arbeid for å sjå på samarbeidet mellom kommunane og helseforetaktet. Der er satt opp 4 konferansar der det oppmodast at representantar i helseforetaket og kommunane bør delta.

**Neste møte flyttast til 13.11.13.**